

NYHEITER

TIPS OSS!
57 83 33 33

Har du tips eller idear om lokale nyheitssaker vi bør ta tak i? Kontakt oss på telefon, e-post, Facebook, Twitter eller Instagram. Du kan også tipse oss med video. Ferskaste nytt finn du på firda.no. E-post: redaksjon@firda.no. SMS/MMS: [fitips til 2005](tel:57833333)

<p>ANSVARLEG REDAKTØR</p>  <p>Kai Aage Pedersen 970 55 202 kai.aage.pedersen@firda.no</p>	<p>UTVIKLINGS-REDAKTØR</p>  <p>Marie Havnen 416 30 884 marie.havnen@firda.no</p>	<p>NYHEITS-REDAKTØR</p>  <p>Trond Jan Grimeland 911 49 804 trond.jan.grimeland@firda.no</p>
--	--	--

ADRESSER PÅ NETT:
Send inn video: firda.no/lesarvideo
Facebook: [facebook.com/firdamedia](https://www.facebook.com/firdamedia)
Twitter: [@firdamedia](https://twitter.com/firdamedia)
Instagram: [@firdamedia](https://www.instagram.com/firdamedia)

Seinare middag på aldersheimar

NPK: Bebuarar på aldersheimar får servert middag fleire timar seinare enn før. I 2017 fekk over halvparten middag før klokka 14.00. No får 75 prosent middag etter klokka 14.00.

Det skriv Kommunal Rapport.

30 prosent av dei som får middag etter klokka 14.00 oppgir at dei et etter klokka 16.00. Eldre- og folkehelseminister Åse Michaelsen (Frp) meiner det er ei god løysing.

– Det er positivt at ein er svoltne då ein set seg til bords, seier ho.

Tømmerkaia i Dalsfjorden blir ein av dei største kaiane i fylket:

- Men fv. 57 blir eit problem

FJALER: Med budsjett på 31 millionar kroner går arbeidet med ny tømmerkai i gang i Dale. Men dei oppmodar fylkeskommunen til å utbetre fv. 57.



ERIK HOVLAND
erik.hovland@firda.no

– Dette er ein stor milepåle, vi har klart utstyret og vi begynner å grave, seier byggeleiar, Cato Vikebø.

Bygginga av tømmerkaia, på Kvamen like innanfor Dale, begynte onsdag. Den skal stå ferdig allereie i desember i år. Kaia skal bli 84 meter lang, kjem til å skipe ut mellom 70.000 og 100.000 kubikkmeter tømmer i året, til blant anna Tyskland og Sverige.

– Det er kjempegøy å vere i gang. Endeleg ser eg resultat etter mange års arbeid. Fjaler treng ei kai som dette, seier grunneigar og investor Jostein Sylta.

Sylta har avtale med staten å drive tømmerkaia i 25 år og staten har rett til å forlengje med enno 25 år.

– Dette blir nok tømmerkai dei neste 50 år, minst, seier han.

Finansiert av staten og lokalmann

Lokalmann og grunneigar Jostein Sylta og Vestskog går inn med rundt 20 prosent, og staten går inn med opptil 80 prosent av investeringa for å få bygd tømmerkaia utanfor Dale. Med eit budsjett på 31 millionar kroner blir kaia ein av dei største tømmerkaiane i Sogn og Fjordane.

– Dette er ei ganske stor investering for deg som privatperson? – Det er det. Vi er avhengig av at kaia blir brukt for at vi kan finansiere lånet. Når den blir brukt så får vi pengar for kvar kubikkmeter med tømmer som går over kaia, seier han.

I tillegg blir det noko inntekt på kalleige, ifølge Sylta.

– Kaia kan brukast til andre

GRUNNEIGAREN OG STØTTELAREN: Jostein Sylta (t.h.) er grunneigar og investor i kaiutbygginga. Han har med seg Helge Kårstad i Kystskogbruket.

ting også. Vi kan til og med ta i mot cruiseskip her, men for å vere realist, så kan kaia brukast til for eksempel utskipping av grus, sand og betong. Men dei som driv med tømmer vil ha forkøyrsett, seier Sylta.

Helge Kårstad er prosjektleiar i Kystskogbruket, som er eit samarbeid som jobbar for å nytte skogbruket langs kysten.

– Dette er ein av tretti kaier som det blir investert i på landsbasis sidan 2013. Regjeringa som sit no har satsa tungt på tømmerkaier, for å få meir tømmertransport frå sjø. Det finst ikkje økonomi i skogbruket til at dei tar investeringar som ein kai som dette. Utan statsstøtta hadde det ikkje blitt kai, seier Kårstad.

Byggeleiarar for entreprenøren, Jim Heldal, seier det har vore viktig for entreprenøren at dei brukar lokale ressursar.

– Mathias Øen Transport i Dale står for betongen, vi bur i brakker i Dale sentrum, vi brukar lokal stein og grus. Vi prøver å bruke mest mogleg lokale bedrifter, så prosjektet gir noko tilbake til lokalsamfunnet, seier byggeleiar Cato Vikebø.

- Men fylkesveg 57 blir eit problem

Både entreprenør, grunneigar og Kårstad i Kystskogbruket seier trafikkmengda langs fylkesveg 57 kan gjere det vanskeleg å drifte kaia.

– Fylkesveg 57 er ein av dei verste vegane i området, i alle fall med den mengda trafikk



STORE MASKINER: To store gravemaskiner og ein svar tippbil kom med båt frå Mongstad og starta arbeidet. **BEGGE FOTO: ERIK HOVLAND**

som den har. Fylkeskommunen må ta grep med ein gong, seier Kårstad.

Grunneigar er også bekymra for korleis det blir når kaia er i drift.

– Eg trur dette blir eit stort problem. Og det blir eit problem allereie om ti månader. I tillegg til all trafikken som er no, kjem det store lastebilar fulle i tømmer. Nokon av dei vil ha hengar også. Eg håper dei set i gang med utbetringa med ein gong, seier Sylta.

Statens vegvesen har rekna at det vil koste om lag 1,1 milliardar kroner å utbetre heile fyl-

kesveg 57. Den utrekinga inkluderer bru over til Bygstad. Ordførar i Fjaler, Gunhild Berge Stang, seier kommunen har gjort det dei kan.

– Vi har sett prosessen i gang, og vi ventar på svar frå både vegvesenet og fylkeskommunen. Men dessverre står vi i kø

bak Svelgen-Indrehus når det gjeld utbetring av vegen, seier Stang.

– Grunneigar seier trafikken vil auke med 30 tungbilar i døgnnet i periodar frå desember. Kva seier du til hans bekymring? – Dette er ein fylkesveg. Det

er ikkje kommunen sin veg. Eg forstår godt bekymringane og deler dei. Vi gjer det vi kan for å få det til.

Kan bli bomveg

Fjaler kommune er tildelt 60 millionar kroner av fylkeskom-

munen for utbetring av fylkesveg 57.

– Ein får veldig lite veg for det. Så vi ventar på Statens vegvesen som no utarbeider eit forslag for å sjå kva vi kan få gjort med ein bomstasjon. Då kan vi fort ha 200 millionar kroner og

truleg nok til å utbetre vegen heilt fram til Nistad, seier Stang.

Også fylkesordførar Jenny Følling deler bekymringane frå utbyggarane.

– Fylkeskommunen er tildelt ein viss sum pengar og vi har

ikkje pengar til utbetring no. Statens vegvesen gjer no ei bompengutgreiing, og vi ventar for å sjå kva den vil seie før vi veit korleis vi kan utbetre fylkesveg 57, seier Følling.